



HOL KOMMUNE
Ålmannvegen 8
3576 HOL

Vår ref.: 2025/9037-24

Deres ref.:

Dato: 07.05.2026

Hol kommune - Reguleringsplan - Vestlia reiselivsområde - Områderegulering - melding om ferdig arkeologisk registrering og oversending av registreringsrapport

Me syner til vårt brev av 12.06.2025 med krav om arkeologisk registrering av det varsla utvida planområdet, akseptert av dykk per e-post av 03.07.2025.

Funn av automatisk freda kulturminne

Kulturarv i Buskerud fylkeskommune har nå gjennomført arkeologisk registrering av det planlagde utvida.

Me syner til vedlagte registreringsrapport. Det vart funne sju nye kolgroper under registreringa (Id ID334686, 334687, 334688, 334689, 335987 335994 og 336986). To tidlegare kjene slaggførekomstar vart kontrollregistrering (ID 39903 ID 19946). Denne kulturminnetypen er automatisk freda kulturminne, jamfør kulturminnelova sin § 4. Alle automatisk freda kulturminne har i tillegg ei sikringssone på minimum 5 meter utanfor synleg ytterkant.

Me har vore i dialog med dykk gjeldande omsyn til dei nyregistrerte kulturminne, og syner til e-post om dette av 13.11.2025. Fleire kolgroper kan vernast i området, medan andre må søkjast frigjevne.

Dersom det er naudsynt for å få til ei utbygging, kan det søkjast om dispensasjon frå kulturminnelova for dei kulturminna det gjeld. Det kan først skje når planen vert sendt på nytt offentleg ettersyn.

For dei kulturminna som kan vernast, ber me om at følgjande føresegn vert nytta til omsynssona:
«Båndlagt etter kulturminneloven av 1978. innenfor gjeldende område (H730) ligger automatisk fredete kulturminner. Det må ikke forekomme noen form for inngrep i grunnen eller andre tiltak innenfor disse sonene uten tillatelse fra kulturminnemyndigheten».

Me vil ettersende faktura med rekneskap så snart me kan etter at dette brevet er motteke.

Venleg helsing

Håvard Hoftun

Fagleder i arkeologi, seksjon for Kulturarv

Vedlegg

1 Rapport Vestlia

Kopi til:

ASPLAN VIAK AS AVD ÅL
KULTURHISTORISK MUSEUM